



Gata ned til Beinavikjo blir diverre ikkje nyasfaltert denne gongen, men den blir retta opp. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Tirsdag blir gatene i Halsabrotet endeleg asfaltert pånytt. Oppsynsmann Øyvind Hardeland i kommunen opplyser til uskedalen.no at entreprenøren NCC vil gjera ein grundig jobb og bruka rundt 600 tonn asfalt.

Men gata frå krysset med riksvegen og opp til der gata inn til boligfeltet tek av vil ikkje bli asfaltert. Nyasfalteringa i Halsabrotet vil truleg bli unnagjort på to dagar.

Det har også gått rykte om at også den hardt nedslitne gata frå riksvegen og ned til Beinavikjo skal asfalterast opp att når dei først er så godt i gang, men det stemmer diverre ikkje.

- Vi har ikkje pengar til det i denne omgongen. Men vi skal retta opp denne strekningen. Vi skal også vøla vegen ned til skulen, som no ikkje er slik at skuleveg bør vera, seier Hardeland.

Allereie før ferien var mannskap og maskiner i Halsabrotet og la til rette for nyasfalteringa men det har drege ut med sjølve operasjonen.

Kommunen nyttar 2,7 millionar til asfaltering dette året. Det er meir enn vanleg og har gjort det mogeleg med ei satsing også på Halsnøy.

Av Ola Matti Mathisen